



<https://rekruttering.aure.kommune.no/recruitment/opening;jsessionid=C89AC1829028370956880B03236360F1?0>

## Aure ungdomsklubb

Samarbeid for å styrke tilbudet.

# + Utfordringar



- Har slitt med å finne sin plass i Aure Arena sidan flyttinga i 2012
- Liten medlemsmasse
- Slitt med å avholde klubbkveldar
- Ressursbruk-utfordring med 2 klubbar i kommunen, aveining mellom å stimulere frivilligheita og sjølv jobbe opp mot ungdom.

# + Evalueringsprosess



- To dogmar : skape ein stad og være, og der ein kan være aktiv.
- Inspirasjonen: er henta frå blant anna, «Fritisklubb – kvalifisering og rusforebygging» (Vestell og Hylde 2009) og Ungdoms fritidsmiljø (Fauske og Vestby 2009). I tillegg er ein inspirert av aktivitetshus som ISAK, Oppdal kulturhus, og basen i kirkenes, der ungdommar får kome og gå meir som dei vil, og vaksenressursaane opp mot ungdom er samlokaliserte
- Fagleg diskusjon: få mest muleg ut av ressursane, for å skape ein arena for meir uttrykk og medbestemming.
- Ressursspørsmål: Avdekke kven som har samanfallande interesser med ungdom, eller interesser inn mot ungdom
- På bakgrunn av dette: laga vi eit visjonskriv og byrja å ta kontakt med mulege samarbeidspartnarar. Ein jobb som ennå pågår.

# + Aure ungdomsklubb

**Ein visjon :** *I det du kjem inn på Aure Arena merkjer du med ein gong at her er det mykje på gang. Avdempa musikk blandar seg med lyden av aktive ungdommar. Eit skilt med tomatsuppe 50/70 er det første du møter. 50 for medlemmar og 70 for ikkje medlem. Du fylgjer lukta ned i kantina kor nokre ungdommar sit og et før dei skal på trening. Det gjer og nokre vaksne som ikkje rakk seg heim for å ete før dei skal trene J14 i handball. På nabobordet sit ein gjeng og spelar sjakk eller scrabble.*

*Går du vidare bak kantina treff du ungdomsklubben. Litt bortgøymd sittande på saccosekkar mellom nokre hyller med ungdomslitteratur. Laidback sit dei og diskuterer Lan, framtidige konsertar eller dagligdagse ting. Vi fylgjer lyden eit nivå opp og inn på bandrommet. Bandrommet er open for fri bruk på torsdagar. Musikken siv gjennom veggane når ungdomane prøver ut tricks dei har lært av Liddvar på kulturskulen lenger bort i gangen. Neste konsert er berre to veker unna. Lenger ned i gangen sit ein gjeng på sminkerommet. Dei har eit foto og sminkeprosjekt på gang som dei ikkje veit heilt kva skal bli. Kanskje dei kan samarbeide med dansegjengen som øver inne i kultursalen. Det er dumt at det ikkje finns dansematte og speil på Aure Arena men dei har tenkt å ta det opp med allmøte eller ungdomsrådet. Ungdomsrådet har møte på huset kvar tredje torsdag, og då er det ein open spørjerunde heilt i starten kor ein kan gi innspel.*

*Brått går ei dør opp og 4 ungdommar kjem hoppande ut av garderobe. Dei er ferdig med fotballtreninga, og no rekk dei akkurat samspelsgruppa om dei spurtar. Dei spurtar forbi gjengen som sitt og arbeider med plakattkast til konserten om to veker. Dei sitt gøymt inne i garderoben. Der inne har dei ordna seg med litt ekstra lys og det dei treng for plakatlaging. Ein ungdom foreslår det at dei trykker opp ein ekstra slik at dei kan henge opp litt pynt anten i kantina eller på ungdomsklubben. Bra ide!*

# + Ide

- **Ein bra ide** - når ein arbeider med ungdommar er ofte ikkje å jakte etter evige idear. Ungdomstida er omskifteleg, og kvart kull har sine referansar, væremåtar og uttrykksmåtar. Arbeid med denne gruppa krev difor at ein held muligheiter opne, diskuterer og reflekterer. På bakgrunn av diskusjonar med ungdom, utvekslingsturar til ISAK og Oppdal, og eigne fagbetraktningar, ynskjer vi å gjære ein del endringar i drifta av Aure ungdomsklubb. I grove trekk ynskjer vi å kunne gi eit breiare tilbod, få fleire medlemmar, og ha eit høgare aktivitetsnivå. Dette skal vi oppnå ved å flytte ungdomsklubben frå fredagskveld til tysdag og torsdag ettermiddag/tidligkveld, bygge opp ei stabil kafedrift, og søke samarbeid med dei som har interesser inn mot eller samanfallande interesser med ungdomsklubben.
- **Samverknad** - Å få tak i foreldre til å sitte vakt for ungdomsklubben er vanskeleg. Å ringe travle foreldre og be dei stille opp mellom all middagslaging og køyring er noko både folk innan fotball, handball, korps, og ungdomsklubb veit kan være slitsamt. Ein ide her er å få til ein samverknad. Samtalar med driftsleiar ved AureArena syner at idrettslaget brukar hallen mest tysdag, onsdag og torsdag. Tysdag og torsdag er også biblioteket og kulturskolen aktive. Det er desse dagane som har størst muligheit for samverknad. Om ungdomsklubben legg sin aktivitet til denne tida er det altså mange krefter som jobbar med ungdom ,kultur og idrett tilstade samtidig med ungdommen. Kort sagt; ambisjonen er at ein gjennom å kanalisere ressursar inn i ei kjernetid, og søker breitt samarbeid innan kultur og idrett, saman kan gje ungdommar ein plass og være med eit godt innhald.

# + Ide forts.

- **Ideen er at alle skal tene på dette** - Ungdomsklubben tener på det om dei andre samarbeider med den, og ein i tillegg får til ei samlande kafedrift. Kulturskolen (får marknadsført seg, elevane øver meir) Idrettslaget (færre skippar trening, stiller ferdigspiste) Aure Arena (meir bruk, skapar bevisstheit, og betre idear) Ungdomsrådet (tettare kontakt med ungdom, meir blest om møta, større ynskje om å bli med) Flyktingetenesta (møteplass, muligheit for kafedrift, språktrening, bli kjent i lokalsamfunnet) Bibliotek (yngre publikum, bevisstgjæring) Foreldre ( ein positiv plass for ungane å være om dei må være igjen, og med sunn mat).



# Mulege Samarbeidspartnarar

- Foreldra
- Idrettslaget
- Ungdomsråd
- Tustna ungdomsklubb
- Kulturskulen
- Aure Arena
- Biblioteket
- Frivilligheita – den kommande frivilligsentralen
- Skulen
- Kommersielle bedrifter.
- Flyktningshjelpa
- Folkehelsekordinator
- Rusomsorgen
- Politiet
- Aksjonsgrupper ( eks betre lokalbusstilbud m.m)
- Najonale organisasjonar (eks natur og ungdom, MOT, Røde kors)
- Husflidslag, Kunstlag, Aure Motorklubb, dykkarklubb, helselag, Skyttarlaget, klatreklubben





# Mål for samarbeid



- Målet er at ungdomsklubben skal være ein blanding av ein "plass å være", og ein plass kor ein kan være aktiv. Dette er to dogme innan ungdomsklubbdrift i Noreg, og vi vil søke å sameine dei (Fauske og Vestby 2009).
- Det betyr ein ungdomsklubb med tydelege vaksne som skapar gode og trygge rammer, men og ein plass kor ein er fri og ikkje blir bedømt i så stor grad, men kan velje sjølv om ein vil gjære noko eller berre henge med jamaldringar. Vi trur at om vi klarar å ha opent ofte, og med faste tidspunkt vil det bidra til å gjære dette til eit lenge etterspurt låg-terskel tilbod for ungdom i Aure.



# + Samarbeid



- Vi har tatt kontakt med ulike mulege samarbeidspartnere.
- Vi vil halde fram med dette.
- Både som bevisstgjæring, og for og få til praktiske løysningar.
- Her fylgjer nokre eksempel frå prosessen.

# + Eksempel 1 : Politiet



- Felles oppgave i førebygging
- Førebygging har fleire aspekt til dømes synlegheit, respekt, deltaking.
- Samtalar med Jarle på politikammeret der han utrykte stor interesse for å kunne vare ein vaksenressurs i miljøet. Både som aktivator, drive info arbeid og berre være der.
- Vi diskuterte vidare at Aure har ekstra utfordringar hjå ungdomsgruppa i og med at ein sender dei bort så tidlig. Idear om korleis ein kunne ordne ein stor workshop for å førebu dei på hybelliv – renhald, økonomi, rus og grensesetting, informasjon om kva kristiansund har av aktiviteter. O.s.v
- Det vart konkludert med at dette kan være eit fruktbart samarbeid for begge partar, og at vi skal halde kontakten.

# + Eksempel 2 : Kulturskulen

- På torsdagar er mange ungdommar med på samspelsgruppe med Liddvar Hannasvik. Dei sit gjerne i trappa og ventar på øving, mens bandrommet står ledig.
- Ungdommsklubben tar i bruk dette rommet, og andre ledige rom på torsdagar som sminkerom og kultursal.
- Positivt både for kulturskulen og Aure Arena da ungdommane får eit eige forhold til bygget. Dei får i tillegg øva meir, og opplevd at dørene er opne for dei.



## Eksempel 3 : flyktingetenesta



- Frå vår side eit ynskje om å få dei inn for å avlaste ressursbruken til kafedrift.
- Dei på si side har vore på utkikk etter ein møteplass.
- Viste seg og passe då dei har eit matgruppe – prosjekt på gang. No kan dei profesjonalisere dette slik at deltakarane kan få meir språktrening, erfaring som er meir lik det generelle arbeidsliv, klassifikasjonspapir på at dei har dreve med kafedrift, samt at det vil være ein uformell møteplass.
- Det vil seie at på torsdagar blir det muligheit for å kjøpe seg varm-mat til ein billeg penge. Utan at ungdomsklubben treng å bruke vaksenressursar på dette.

# + Veggen vidare



- Vi fortsetter å knytte oss til aktørar som ser seg tent med eit samarbeid.
- Planlegginga av klubblokala er godt i gang.
- Vi kjem til å gjennomføre ein prøveperiode med klubbkveldar ca frå 14:30 – 18/20 på tysdagar og torsdagar. Vi vil evaluere både under og etter, og då med sterkt innslag av ungdomstemmer.

# + Vi håper

- At politikarar og administrasjon støtter opp om forsøket på å arbeide tverrfagleg, og å bruke hallen og samlokalisere krefter dit.
- At fleire slenger seg på etterkvart. Kan f.eks biblioteket ha eit opplegg for ungdom i kafeen nokre gongar, kan arbeidet med friviligheitssentralen samarbeide med oss, kan ulike lag drive infoarbeid/lage aktiviteter for klubben. Kan hallen bli ein møteplass for mange grupper, kor ungdommen og blir tilgodesett med ressursar og opplevingar.
- At bevisstgjæringa kring ungdomsarbeid som eige fag blir større, og at ungdomane skal møtas med opne dører, og respekt på lik linje med andre der dei ferdast.



# + Oppsummering



- Samarbeid
- Høgare aktivitet
- Meir brukarvennleg – opne dører – lav terskel
- Økonomisk bærekraft
- Møteplass for kulturutveksling, samarbeid og produksjon
- Ungdomsklubben ynskjer å ta eit steg i retning av å auke bevisstheita om at fleire krefter bør samlokalisere seg for å drive godt ungdomsarbeid
- Meir sjølvrådne ungdommar

# + Spørsmål



- Spørsmål?
- Ta gjerne kontakt på [Anders.johannessen@aure.kommune.no](mailto:Anders.johannessen@aure.kommune.no) om dykk har tips eller ynskjer meir info.